

Kyrkjetonar



Den store gartnaren



Det er fullført!

Joh. 19, 30

I påskeforteljinga i Johannes evangeliet les me om Maria Magdalena som kjem til grava tidleg om morgonen den første dagen i veka.

Når Maria ser at steinen er rulla vekk spring ho først for å fortelje til disiplane. Medan ho gret utanfor den tote grava kjem Jesus bort og spør "Kvifor gret du, kvinne?"

Maria trur det er gartnaren og skuldar han for å ha tatt Jesus.

Det er vår. Me er mange som handlar blomster- og grønnsaksfrø og har store visjonar for alt som skal haustast i kjøkkenhagen i sommar. Oftast har eg mykje større planar enn eg får tid til å gjennomføra og mange nyspirte planter dør før dei vert flytta fra vinduskarmen og ut i god solvarm mold. Og dei plantene som kjem ut må stri ein hard kamp mot ugras.

Eg ser ikke mine eigne begrensingar og burde hatt ein gartnar som hjelpt meg å setta meg mål som eg kan klara å nå, og som hjelper meg når eg ikke strekk til.

Om trua mi er eit lite frø, så er Jesus gartnaren. Paulus skriv: "Eg planta, Apollos vatna, men Gud gav vekst." (1. Kor 3, 6)

Gartnaren vil la trua veksa i livet ditt, hjelpe deg å strekka deg etter Lyset og rydda vekk ugras. Gud vil la trua veksa seg sterkt.

"Maria" seier "gartnaren," og med eitt ser Maria at det er Jesus.

Jesus kallar oss med navn. Tek me imot hans kall så kan han komma inn i livet og gi vekst til trua.

redaktørens hjørne



Ståle Hustoft

redaksjonen avslutta 12. mars 2012

Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft, Espevik, 5560 Nedstrand. Mobiltelefon 900 26 142, e-post: hustoft@hustoft.net

Post til redaksjonen kan også sendast: Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon: 52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 0531.49.46091.

Frivillig kontigent: kr. 150,-

Kasserar: Børge Løype,

5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Kyrkja i Tysvær

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn

Telefon*: 52 75 77 00

Internett: www.tysvaerkirken.no
E-post: kirkja@tysver.kommune.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn
telefaks: 52 75 77 10
åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag kl. 10 - 13

Kyrkjekontoret for Nedstrand sokn
telefaks: 52 75 77 21
åpningstid: tirsdag - fredag kl. 9 - 12

Sokneprest Arne Aurdal
Tysvær og Bokn sokn, Aksdal Kyrkje
Mobiltelefon: 93 415 402

Sokneprest Sigrunn Hagen Arnesen
Førresfjorden sokn, Aksdal Kyrkje
Mobiltelefon: 977 52 534

Sokneprest Dag Tormod Milje
Mobiltelefon: 934 15 401

Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre
Tysvær soknehus, telefon: 52 77 11 88,
mobiltelefon: 481 35 457

Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus
Aksdal Kyrkje, mobiltelefon: 48 891 427

Trusopplæring: Kyrkjenær
Leiar: Kristin Trageton Skofteland
medarbeidarar:
Nedstrand: Ingrid Hustoft Landro
Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre
Førresfjorden: Kari Undheim
Telefon: 52 75 77 00*

Organistar
Kari Undheim, telefon 52 77 38 37
Stein Johannes Kolnes, mob. 90 918 088
Gunn Bergvold Larsen,
Bokn sokn tel.: 52 83 20 04

Kyrkjeverje
Tysvær kommune: Terje Fjeldheim
Mobiltelefon: 93 415 404
Bokn kommune: Svanhild Alvestad
Mobiltelefon: 93 415 440

Kyrkjetenarar
Tysvær sokn: Ingebrigts Lundervold
Mobiltelefon: 40 411 889
Førresfjorden sokn: Målfrid Høie
Telefon: 52 77 36 88
Bokn sokn: Odd Grønnestad
Telefon 52 74 84 03
Nedstrand sokn: Steinar Nordeide
Mobiltelefon: 93 415 403
Skjoldastraumen: Barbara Stølvik
Telefon 52 77 92 78

Kyrkjetonar nr. 1 - 2012

Skjoldastraumen barnekor

tekst: Greta S. Elverhaug/foto: Brita C. L. Harboe



Er du glad i å synge? Er du glad i å vere saman med andre born? Er du mellom 0 - 10 år?

Då er du velkommen til korøving i Skjoldastraumen kyrkje torsdag 8. mars, 22. mars og 29. mars kl. 17.30-18.15!

Det er greitt at du har med mamma eller pappa på øvinga. Me syng masse saman og har ei samling med ei bibelfortelling.

Den 29. mars kl. 17.30 inviterer me til familiesamling. Koret har då avslutning for våren.

Leiarane er Ester og Kåre Åsheim, Elfrid Ørke Nes og Greta S. Elverhaug.

Dersom du lurer på noko, så kan du ta kontakt med ein av desse.

Go' kveld i Aksdal kyrkje

av Greta S. Elverhaug

Kan du få litt av Odd Børretzen, Knutsen & Ludvigsen og James Taylor i ein og same person? Nei, det er umogeleg, men 19. januar kunne dei frammøtte få litt av alle i to personar. Duoen Uppstad/ Waade fra Stavanger/ Randaberg var hyrte inn til Aksdal kyrkje denne vinterkvelden.

For dei rundt 90 som kom, blei det mykje latter og smil. "Pappa, koffor regne det frå lyktastolpane?" kan ein 4-åring spørje. Og av dette kan det bli ein song. Uppstad/ Waade gav oss ein kveld med humor frå dagleglivet. Glader og frustrasjonar. Etterpå kunne alle nyte gode salatar og rundstykke på kyrkjetoget. Kvelden vart avslutta inne i kyrkjerommet med lyttenning, song og kveldstankar.

Dersom du ikkje fekk med deg denne Go' kvelden, så får du ein ny sjanse torsdag



19. april kl. 20.00. Då kjem vokalgruppa "Amateur" med songerar frå Tysvær, Karmøy og Haugesund under leiing av Erling Brathole. Dei har med seg dyktige musikerar; mellom anna Berit Johanne Folkeldal på trompet og Arnfinn Tobiassen på orgel/piano.



Det er vår i lufta! Krokus og snøklokker sprett. Sola varmer. Forsythiaen står gul på kjøkkenbordet. Lysare, lengre dagar. Lettare sko. Lettare klede. Det brusar og boblar inni meg. Kjenner eg får ny lyst på livet. Vil ut å jobbe, rydde bort gamalt, så og gi plass til lys og liv!

Så tenker eg på hausten og vinteren. Friske, grøne blader blei brune, rotne og fall av. Der ligg dei enda i hagen min, og minner om det som var. Noko måtte døy for at det nye livet skulle komme i vår.

No går me mot påske. Tida då me minnest det Jesus gjorde på Golgata og underet som hende på påskedag. Han måtte døy for å skape liv.

Frå jul til påske bruker kyrkja tid på tekstar som forklarer kven Jesus er - guddommeleg, underfull meister. Tekstar som fortel kva stilling Guds Ord bør ha hjå dei som trur på Han - at Ordet er sanning og gir liv og vekst. Og no i fastetida er blikket retta mot oss som kallar oss kristne, men så ofte sviktar. Me får sjå kven Jesus er, og at Guds Ord alltid har rett, også i at me er syndarar alle som ein. Me blir på ein måte sett på plass, lagt på vektskåla og målt mot Jesus

Resertifisert

Menighetene i Tysvær ble i februar resertifisert som Miljøfyrtårn.
Det betyr at vi fortsatt vil prøve å drive vår virksomhet slik at det blir minst mulig belastning på miljøet. Som Miljøfyrtårn ønsker vi å gå foran med et godt eksempel som andre får lyst til å følge.


APOSTLENES HESTER, SYKKEL, BUSS ELLER BIL?

Kyrkjetonar har i denne utgaven en utfordring til oss alle:

Kan vi bli flinkere til samkjøring når vi skal på arrangementer og aktiviteter?

Lag gjerne kjøreturnuser sammen med naboer og kjente til ungenes eller egne aktiviteter. Det sparer miljøet for utslepp, og bonusen er at det også blir mindre jobb for sjåførene og selvsagt mindre slitasje på bilen. Og så er det hyggelig å gå sammen på arrangementer. Buss er også et brukbart alternativ i noen deler av kommunen.

Kan vi også i større grad ta beina fatt, eller hive oss på sykkelen. Bonus her også: Frisk luft og bedre



MILJØFYRTÅRN®

kondisjon. Kanskje vi kan lage konkurranser innad i familien om hvem som er flinkeste til å bruke beina eller sykkelen når de skal på møter og aktiviteter?

Etter skoletid i Aksdal kyrkje hadde før jul en konkurranse blant deltageren om hvem som syklet flest ganger. Et eksempel til etterfølgelse!
BRA JOBBA

av Ingrid H. Landro

og må tru resultatet fordi det står i Bibelen. Sjølvsagt taper me. Men det stopper heldigvis ikkje der.

Påskeevangeliet gir nytt håp. Jesus dør for våre synder. Han var skuldfri, men tok straffa me skulle ha. Slik kan me gå fri. Heldigvis er ikkje døden på langfredag siste kapittel. Jesus stod opp igjen. Han sigra over døden og opna himmelvegen. Me har ein himmel i vente! Alt dette fordi Jesus døyde og så stod opp att. Ein vakker, stille morgen med dogg i graset og solstråler i horisonten kulminerte all livskraft i ei einaste hending. Jesus stod opp frå grava og kom ut derfrå med den vakraste gåva gjennom alle tider: Evig liv til alle som trur.

Vektskåla var i ubalanse. Vegd og funnen for lett, alle som ein. Men denne dagen vart balansen gjenoppretta. Ein døydde for å skape nytt liv. Den som no kryp opp i vektskåla skal få sjå at balansen fortsatt er der, i kraft av Jesus Kristus. Han som er Vegen, Sanninga og Livet, og Skaparen av alt som er vakkert omkring oss.
La det nye livet komme.

Salmane, kap 85

7 Er det ikke du som vekker oss til liv på nytt så folket ditt kan glede seg i deg?

8 Lat oss få sjå di miskunn, Herre, gjev oss di frelse!



Kirkens nødhjelps

Fasteaksjon 2012

Catarina Ramirez fra Guatemala har fått startstøtte fra Kirkens Nødhjelp til å dyrke grønnsaker i drivhus. Nå gir hun døtrene næringsrik mat og tjener penger nok til at jentene kan gå på skole. Catarina tror en fremtid uten fattigdom er mulig. Her er hun sammen med datteren Anabella (14). Foto: Laurle MacGregor/Kirkens Nødhjelp



Alltid beredt og klar til dyst.

Guatemala

- i Petter Skauens fotspor

av Kjersti Hjelmervik Lofthus

I november var jeg sammen med 10 diakoner fra Rogaland på en studiereise til Guatemala. Guatemala er et land i Latin-Amerika. Antall innbyggere: ca 14. millioner. Flertallet av befolkningen tilhører ulike grupper mayaindianere. Landet er fortsatt sterkt preget av borger-kriken som varte i 36 år, og som krevde 200 000 menneskeliv. Mange av dem som overlevde var dessuten blitt utsatt for ekstreme traumer. Formålet med reisen var å studere Kirkens nødhjelp sitt arbeid i landet.

Den første delen av reisen fikk vi reise i Petter Skauen sine fotspor. Petter Skauen kom til Guatemala i 1976 etter et stort jordskjelv som la store deler av landet i ruiner. Han organiserte befolkningen i en del områder i velkomiteer som arbeidet for gjenoppbygging av lokalsamfunnet – noe vi fikk se fruktene av på vår reise. Jordskjelvet kom midt i en borgerkrig som herjet i Guatemala i 36 år, så det var slett ikke ufarlig arbeid de satte i gang. Første dagen besøkte vi en bydel av Guatemala city – Colonia Noruega, som ble bygd opp over en søppelhaug etter jordskjelvet. Det var slett ikke populært at Kirkens nødhjelp ville gi husene til fattige mot egeninnsats. Det at de fikk husene gratis, gjorde at myndighetene (eller korrupte politikere) gikk glipp av inntekter. Derfor gjorde de alt for å motarbeide arbeidet. Og de som var med i arbeidet mottok trusler og forsøk på bestikkelser. De måtte være ytterst forsiktige. Minst en forsant spørsløst etter et arbeidsmøte. Vi fikk møte Hector og familien hans. Hector hadde vært leder i

en av velkomiteene under oppbygningen av Colonia Noruega. Han ble skutt og mistet en av armene da han sto imot bestikkelsesforsøk fra myndighetene under oppbygningen. Hector hadde hele tiden vært en ledertype selv om han i perioder hadde hatt store alkoholproblemer og problemer i familien. I dag var han en brennende Jesusvenn, som gjerne sang for oss sammen med guttene sine. Vi fikk også cd som de hadde laget. Familien holdt sammen og han var ferdig med alkoholen. Colonia Noruega var en ordentlig del av byen med relativt gode hus, og det viktigste for mange: en ordentlig adresse.



Hector synger for oss.

Vi besøkte en skole i Patzun der vi fikk være med på en høytidlig skoleavslutning med utdeling av vitnemål. Det var godt å se at jenter og gutter var likeverdige her – noe som ikke er selvsagt i et land med både mye rasisme (rettet mot indianerbefolkingen) og mye diskriminering både pga rase og kjønn. Det er ikke skoleplikt i Guatemala. Selve undervisningen i offentlig skole er gratis, men alt skolemateriell må de betale selv, og det er det mange som ikke har råd til.

I Patzun fikk vi også møte en speidergruppe for traumatiserte barn. Vi kjente igjen leker og speiderrop. Speidergruppen skulle denne dagen ut på landsbygda og dele ut nødhjelp til familier som hadde fått ødelagt avlingen sin av flom noen uker før vi reiste til Guatemala. Gjennom å hjelpe andre opplevde de å få hjelp til igjen å bli hele mennesker etter selv å ha vært utsatt for traumer.

I San Martin besøkte vi en skole for barn med utviklingshemninger. Det var flott å se hvordan de drev denne skolen. Barna virket veldig glade og fornøyde. Foreldrene deres skrøt av arbeidet som ble lagt ned, og fortalte om fremgangen som barna deres gjorde. Mange barn med utviklingshemming blir i Guatemala gjemt bort, og får aldri noe tilbud om skolegang. Mange blir utnyttet og misbrukt på det groveste. Derfor var det nydelig å se hvordan disse barna strålte. De ville gjerne hilse på, bli tatt bilde av, og de sang for oss.

Arbeidet i Patzun og San Martin drives nå av en lokal organisasjon, Fundated som i sin tid gikk ut av Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. Arbeidet blir også støttet av et fond som Petter Skauen er med og forvalter.

Fondet er opprettet av arven etter en rik svensk forretningsmann. 3000 barn/ungdom skal få utdannelse fra dette fondet fra barnehage til universitet, mot at de kommer tilbake til landet for å arbeide der. Det var flott å se at arbeidet som Kirkens Nødhjelp i sin tid var opphav til, drives videre på en god måte av lokale organisasjoner.

Trinidads historie

Vi møtte Trinidad i Tinamit Ajaf – enkelandsbyen – noe som ga en liten pekepinn på hennes historie. Vi møtte henne i kirken i landsbyen sammen med en gruppe med flere enker, noen døtre og barnebarn.

Trinidad forteller oss sin historie, som har mange fellestrek med historiene til de andre kvinnene i rommet.

Det begynte i 1982 da deres menn ble hentet og forsant. Om nettene hørte de skrik og skudd. Når dagen kom var det mange som fant lemlestede kropper og døde menn, men også mange som aldri fant et spor etter sine menn eller store sønner. Massagraver og Vulkaner og Havet ble brukt for å få mennesker til å forsvinne spørsløst.

De prøvde noen måneder å leve videre. Uten mennene. Noen fikk en grav å gå til, mange brukte mange krefter for å lete etter sine menn. Da trusselen kom at de ville brenne husene, flyktet kvinnene og barna. De visste at militærer mente alvor.

Trinidad flyktet sammen med 12 andre kvinner, hver med fem-til barn hver. De flyktet opp i fjellene. De visste at deres dager var talte hvis de ble tatt. Hus med beboere i var allerede blitt brent ned. Dører ble boltet og vinduer spikret igjen før det ble satt fyr på.

Vi tok med de barna vi kunne. Men vi klarte ikke å ta hånd om alle, så noen ble overlatt til slektinger som lovet å passe på dem. Ingen hadde mer enn det de sto og gikk. Vi gikk om natta og forsøkte å sove om dagen. Det var ikke annet å spise enn de sukkerrørene vi fant. Vann til å drikke hadde vi kun de dagene det regnet. Hæren var etter oss hele tiden. Vi følte oss omringet på alle kanter. Helikoptrene kretset over oss, og vi visste at det var oss de var ute etter. For at ikke alle skulle bli drept, måtte de ta den grusomme beslutning i felleskap om at de måtte drepe de barna som gråt om natten. Det er ufattelig at disse kvinnene har overlevd fysisk og mentalt. Som foreldre prøver en å sette seg inn i deres situasjon og de valg de måtte ta.



Petter Skauen sammen med lærer Thelma og noen elever.

Trinidad har fem barn igjen. Hun fødte en datter under flukten i jungelen, og hun overlevde, men hun måtte gå fra en datter på åtte under flukten. De måtte forsere en elv i hui og hast med militæret i hælene. Datteren turte ikke gå uti og gjemte seg. Trinidad kjente det som om hjertet brast. Senere viste det seg at datteren hadde blitt tatt vare på av Maya-indianere, og hun fikk henne igjen. Trinidad mistet et barn under flukten. Henne snakker hun ikke om.

Kvinnene fikk etter hvert råd om å overgi seg og be om tilgivelse. Hvorfor de skulle be om tilgivelse visste de ikke. De hadde ikke gjort noe galt. De gikk tilbake til landsbyen med "hvitt flagg" og ba om tilgivelse. De ble spart fordi de hadde så små barn.

Etter noen omveier hører Trinidad et rykte gjennom soknepresten i San Martin om at det fantes en organisasjon som holdt på å etablere hjelp for de mange enkene i området. Hun bestemte seg for å dra dit. Fra den dagen i 1984 snudde livet for Trinidad – og for mange andre enker i Tinamit Ajaf. Organisasjonen var Kirkens Nødhjelp og kom fra Norge – et land ingen hadde hørt om.

De fikk bestemme hvor de ville bo, og senere fikk de velge seg hus. Vi visste ingenting om at det fantes mennesker på den andre siden av klogen som brydde seg om oss. I enkelandsbyen ble det etablert en rekke forskjellige småbedrifter: Grisefarm, hønsfarm, kuer grønnsaksdyrkning, lysstøperi, såpekokeri, sjokoladefabrikk, bakeri, butikker og skoler til barna. Enkene kom med hver sin smertefulle historie. Det å ha noe annet å koncentrere seg om, ga sakte men sikkert krefter. Kvinnene delte søsterlig på inntektene. Her var det en for alle, alle for en.

Trinidad var til stede sammen med Petter Skauen i Oslo da våpenhvileavtalen mellom regjering og gerilja ble underskrevet 4. des. 1996.

Når hun ser tilbake på livet, så klarer hun til tross for det hun har gått igjennom å si at i sum har livet vært godt.



Salg av håndarbeid.



Trinidad forteller. Petter Skauen oversetter.

Kirkens nødhjelps arbeid i Guatemala

Kirkens Nødhjelp arbeider i dag gjennom lokale organisasjoner i Guatemala. Vi besøkte bl.a en kvinneorganisasjon – Code fem, som arbeidet med kvinnenes rettigheter i Guatemala. De drev arbeid for kvinnenes rettigheter, mot kjønnsbasert vold og opplæring av kvinner til å ta ansvar og ledelse når naturkatastrofer, som f. eks. flom og jordras rammer. Guatemala er et land som er sterkt rammet av klimaendringene. Code-fem arbeidet både i prosjekter i lokalmiljø, og med beslutnings-påvirkningsarbeid som rettet seg mot sentrale myndigheter. Kirkens Nødhjelp har hjulpet Code fem til å bygge opp en ordentlig administrasjon og støtter organisasjonens prosjekter økonomisk.

Besøk hos Olga Tumax

Olga Tumax er leder for et kvinneprosjekt på landsbygda nær Totonicapan ca 3 timers biltur nordvest for Guatemala City. Dette er et fjellområde i ca 2500 meters høyde der det bor mange fattige. Nærmore 400 kvinner er i dag knyttet til dette prosjektet som startet i 1993. Kvinnene samles i grupper og får:

- undervisning og støtte i, bl.a. kvinnenes rettigheter, likestilling og vold i familien
- undervisning i økologisk småskala jordbruk, og støtte til å bygge sine egne drivhus der de dyrker grønnsaker til eget bruk og til salg, slik at de får mulighet til å sende barna på skole
- undervisning i, og støtte til dyrehold.



Olga Tumax i drivhuset sitt. Det var helt på tampen av sesongen, men ennå kunne hun høste tomater.

Olga er en målbevist og modig kvinne, som gjennom tålmodig og langsiktig arbeid har fått gi mange fattige kvinner kunnskap og tro på seg selv. De fleste av disse kvinnene var analfabeter og snakker bare sitt lokale språk, ikke spansk som er det offisielle språket i landet. De har igjen satt familien i stand til å bli selvhjulpne med mat og grønnsaker, slik at de får et næringsrikt og fullverdig kosthold. Dette er en svært viktig hjelpe i et land der 56% av befolkningen lever under fattigdomsgrensa og andelen av feil- og underernærte barn ligger på rundt 80%. Veldig mange lever kun på den mais og bønner som de klarer å dyrke selv.


Samtidig så vi at det fremdeles er stort behov for bistand og støtte til mennesker i dette landet der så mange kjemper og jobber hver eneste dag, for å skape en bedre plass å bo for de som vokser opp i Guatemala. Derfor er min appell: Ta vel imot konfirmantene når de kommer, og støtt Kirkens Nødhjelps fasteaksjon!

Fastetid er aksjonstid

Det er ikke rettferdig at over 1 milliard mennesker i verden fortsatt lever i ekstrem fattigdom. Sammen kan vi kjempe for en fremtid uten fattigdom. Det handler om rettferdighet!

I Jes. 58, 6-10 står det blant annet at vi i fasten skal løslate dem som med urett er lenket, dele vårt brød med dem som sulter og la hjemløse komme i hus. Verdens fattigdom er enkelt synlig for oss i at noen sulter, andre gjør ikke, men de underliggende årsakene til økonomisk urettferdighet er kompliserte.

Bibelens budskap om faste utfordrer oss til å omsette tanker og ord til faktisk handling, og gjennom vårt engasjement og bidrag til Kirkens Nødhjelps fasteaksjon kan vi virkelig gjøre Guds ord. Den norske kirke har hatt kampen for økonomisk rettferdighet på sin dagsorden i mange år, og vi er utfordret av det internasjonale kirkefellesskapet til å arbeide med global rettferdighet.



Gjennom Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2012 oppfordres vi til å støtte kampen for økonomisk rettferdighet og en fremtid uten fattigdom. Fastetiden er vår aksjonstid i Den norske kirke. Jeg oppfordrer derfor alle til å støtte Kirkens Nødhjelps fasteaksjon ved å ta godt imot bøssebærerne, være med som bøssebærer selv og til å signere den beslutnings-påvirkende kampanjen. Bøssebærerne kommer i perioden 25. - 27. mars.

Erling J. Pettersen
Stavanger biskop



Anabella (14) hjelper moren med grønnsakene fra drivhuset.
Foto: Laurie MacGregor/Kirkens Nødhjelp

De livsviktige grønnsakene

Fra Kirkens Nødhjelps aksjonsmateriell

Catarina Ramirez er takknemlig for grønnsakene som vokser i drivhuset. Støtten fra Kirkens Nødhjelp er grunnen til at hun kan gi døtrene næringsrik mat og viktig skolegang.

- Vitaminer, utbryter Catarina og smiler fornøyd. Hun og datteren Anabella har akkurat plukket kurven full av fargerike paprika. I det karrige landskapet 2500 meter over havet er det begrenset hva som vil gro. Tørke to år på rad har ført til at store avlinger har gått tapt og prisen på matvarer som selges på markedet har skutt i været.

- Jeg er ofte bekymret for hvor jeg skal få penger til mat fra. Det er øyeblikk hvor jeg ikke har noen ting. Da ber jeg til Gud, forteller Catarina. Hennes høyeste ønske er å gi døtrene Anabella (14) og Marta (11) skolegang og utdannelse. - Uten utdannelse kan man bare få jobb som vaskehjelp for familiær med penger. Jeg vil ikke at døtrene mine skal lide samme skjebne som meg. Med en utdannelse har de rettigheter i samfunnet og de kan få en ordentlig lønn, sier den tapre moren. Hun forteller at skolegangen er gratis, men at gymtøy, skrivesaker og uniform må familiene betale selv.

25. – 27. mars
KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON 2012

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 25. – 27. mars

Over én milliard mennesker lever i ekstrem fattigdom. Urettferdighet tar menneskeliv hver dag. I år setter Kirkens Nødhjelps fasteaksjon fokus på økonomisk rettferdighet. Sammen kan vi kjempe for en fremtid uten fattigdom.

Det er menigheter landet rundt som står for gjennomføringen av Kirkens Nødhjelps fasteaksjon. Kyrkja i Tysvær og Bokn arrangerer aksjon 27. mars.

Pengene som samles inn går til Kirkens Nødhjelps arbeid over hele verden.

Støtt aksjonen direkte ved å

- Benytte kontonummer 1594 22 87493
- Sende en sms <KN200> til 2090 (200 kroner)
- Ringe givertelefon 820 44 088 (200 kroner)

Friske grønnsaker i drivhus

Derfor har CIEDEG startet kvinnegrupper hvor det gis opplæring i bærekraftig jordbruk og støtte til å bygge drivhus. Catarina er en av kvinnene som deltar i prosjektet. I drivhusene vokser nå grønnsaker som ellers ikke gror i høyden. Grønnsaker som gir livsviktig næring og sårt tiltrengt inntekt.

- For en stund siden plukket vi 120 agurker i drivhuset, forteller Catarina. Siden vi er seks familier som deler, ble det 20 agurker på hver. Vi har også tomater her. Den første avlingen fikk vi ikke til, men den neste ga cirka 30 kilo. Den lille kvinnen smiler bredt. Hun er stolt. Hun trenger ikke lenger bekymre seg for hvordan hun skal skaffe penger til å kjøpe grønnsaker på markedet. Catarina har lært at bønner og mais alene ikke er tilstrekkelig kost for tenåringsdøtrene. - De trenger vitaminer, sier hun og holder frem kurven med paprika igjen. Grunntanken bak prosjektet er at grønnsakene som kvinnene dyrker i drivhus skal inngå i familiens kosthold. Et eventuelt overskudd kan selges videre og gi inntekt.

- Det gir meg en god følelse å kunne ta vare på døtrene mine. Catarina er takknemlig for starthjelpen fra Kirkens Nødhjelp. - Nå støtter jeg meg selv, sier Catarina fornøyd.



Marta (11) bor sammen med moren og søsteren i en fjelllandsby i Guatemala. Marta har ansvaret for familiens kyllinger. Foto: Laurie MacGregor/Kirkens Nødhjelp

KyrkjeNÆR

tekst og foto: prosjektgruppa i Kyrkjenær



Aktivitetsdag i Nedstrand sokn

På Bygdhuset på Hinderåvåg var 3.klassingane frå Nedstrand og Skjoldastrumen samla til aktivitetsdag 30.januar. Temaet var diakoni. Me lærte og dramatiserte forteljinga om Den barmhjertige samaritanen, song, baka potatkaker saman med læremeister Anna



Mæland, laga kort, laga fine bilete på lerret, bada, åt, besøkte dei eldre på Nedstrandstunet og serverte potatkakene våre, og såg ein film om Kyrkjetroppene før foreldra henta. Då me gjekk heim derfrå var me einige om at det hadde vore ein kjekk dag!

Bilete frå diakonidagane i Nedstrand (t.v.) og Aksdal (over)

Glimt frå diakonidag i Tysvær og Aksdal



Frå "Lys Våken" på Bokn

Babysong i Skjoldastrumen kyrke

for alle som har born i alderen 0-12 mnd
onsdagar kl 10-11.30

11, 18 og 25. april
2, 9 og 16. mai

Pris: Kr 10 pr. gong
Ta med eit lite teppe som babyen kan ligge på.
Me syng og leikar saman før me avsluttar med
lunsj. Ta med nistepakke så serverer me drikke.

Diakonidag i Tysvær

Det blei ein kjempekoseleg dag på Tysvær Soknehus då 3.klassingar, pensjonistar og konfirmantar hadde diakonidag. Likninga om "Den barmhjertige Samaritanen" og nestekjærleik stod i fokus.

Deltakarene var med og laga mat, produserte kort og øvde inn program til samlingsstund midt på dagen. Då kom det besøk av besteforeldre, oldeforeldre og andre som 3.klassingane hadde invitert. Det var også stor stas at pensjonistane som pleier å vere saman på Troppene, la oppleget sitt til Soknehuset denne dagen. Diakon Kjersti var med oss noen timer midt på dagen, og ho fortalte om kva ein diakon jobbar med, og kva for diakonale oppgåver alle har. Elles blei det tid til brettspel, forteljingar frå gamledagar og film.



Bilete frå 5.klasseleir
på Soknehuset

Leir for 5.klassingane

Leir er kjekt! 5.klassingar frå Bokn og Tysvær var saman på Soknehuset ca eit døgn 11.-12.februar. Tema for helga var "Bibelen," og dette temaet gjennomsyra både undervisning, trusvandring og gudstenesta på søndagen. Lørdag ettermiddag hadde alle seg ein tur ned til sjøen saman med Speidarane, og alle fekk vere speidarar for eit par timer. 5. klassingane lærte seg knivreglar, laga seg pølsepinne og grilla pinnebrød og pølsar. Det blei også tid til god mat, underhaldning, spel og litt sovn. Søndag føremiddag feira me gudsteneste i Tysvær kyrkje. Der deltok 5.klassingane, og dei fekk utdelt Bibel.

Glimt frå dåpsskulen i Førresfjorden sokn



kyrkje
nær
I TYSVÆR

Årsstatistikk 2011 - Kyrkja i Tysvær

av Terje Fjeldheim

Tabellen syner dei områda kor det blir ført statistikk. Det blir mellom anna ikkje ført statistikk over kor mange som deltek ved vigsler og gravferder. Heller ikkje til alle dei andre ulike arrangement som

blir halde i kyrkjene. Antal deltagarar som brukar kyrkja er derfor mykje høgare enn desse tala syner.


	Nedstrand		Tysvær		Førrefjorden		Totalt	Totalt
	2011	2010	2011	2010	2011	2010		
Innmeldinger							0	1
Utmeldinger							11	16
Døpte	18	27	25	37	68	98	111	162
Konfirmert	17	22	42	33	103	70	162	125
Vielser	5	12	16	11	11	10	32	33
Begravelser	23	12	24	21	24	28	71	61
Alle gudstjenester antall	64	58	40	40	75	73	179	171
Antall deltagere	5 709	4 903	5 288	5 511	14 417	13 560	25 414	23 974
Snitt pr gudstj	89	85	132	138	192	186	142	140
Gudstj med nattverd	37	33	13	14	20	22	70	69
Antall til nattverd	1 180	793	650	491	2 024	2 196	3 854	3 480
Snitt pr gudstjeneste	32	24	50	35	101	100	55	50
Offer/kollekt	176 788	174 307	125 998	106 407	334 403	278 000	637 189	558 714
Andre innsamlinger	147 590	277 805	96 134	37 572	118 066	89 000	361 790	404 377
Givertjeneste	1 250	0	49 050	12 050	184 150	223 000	234 450	235 050
Totalt innsamlet beløp	325 628	452 112	271 182	156 029	636 619	590 000	1 233 429	1 198 141

Glimt frå konfirmasjonstida



Konfirmasjonsverkstaden i Tysvær sokn i år var 6. februar. Ein god gjeng konfirmantar og føresette var med og fekk idar til konfirmasjonsselskapet i mai.

Dei lokale scrapbookespertane Hilde og Beate hadde ein fantastisk utstilling av invitasjonskort, bordkort og mykje anna fint. Kakedemonstrasjonar av konditor Åshild, og oplæring i korleis ein kan lage ulike blomsteroppsetsar v/Marianne var også spennande. Høgdepunktet var når me fekk sitte rundt eit festbord, smake på kakene og kanskje vere ein heldig vinnar av ein blomsteroppsett! Kvelden var lang og god!



Konfirmantgruppe håndverk
i Førresfjorden sokn
foto Dag Olav Gaupås



Leirkoret og bandet i aksjon under årets konfirmantleir på Brandøy

Konfirmantar 2012

Aksdal kyrkje, søndag 5. mai kl. 10.30

Inger Line Berge
 Anna Støve Dalland
 Charlotte Aase Dybdahl
 Helene Hetland Espetvedt
 Benedicte Vihovde Hovland
 Susanne Kallevik
 Sunniva Rolfsnes Korneliussen
 Cecilie Lilleland
 Cecilie Skottheim
 Sigrid Strøm Sveen
 Ingrid Sørvik
 Christian Bauer-Nilsen
 Daniel Almås Fjellhaugen
 Sander Hettervik
 Chris Iversen
 Even Johansen
 Gabriel Noriega Johnsen
 Ståle Kallevik Stokkeland
 Sindre Ubøe Sætre
 Arve Ødegård

Aksdal kyrkje, søndag 5. mai kl. 12.15

Rannveig Bårdsen
 Frida Bårdsen
 Benedicte Tvedt Eliassen
 Alexandra Hetland Johnsen
 Mia Celine Johnsson
 Linn Therese Rojas Kallevik
 May Caroline Munte
 Emma Bøe Olsen
 Malin Stølsvik
 Heidi Karin Søvik
 Marthe Vågen
 Orathai Yailert
 Kristian Apeland
 Paul Steinar Dalaker
 Agnar Stokkenes Grinde
 Kristoffer Gundersen
 Sindre Skrunes Herland
 Erlend Hjellevik Lofthus
 Håkon Peters
 Ingmar Haraldseid Søvik

Aksdal kyrkje, søndag 6. mai kl. 10.30

Linda Gjerde Aksdal
 Ingrid Kalstø Aursland
 Alise Kornelia Sørstebø Kallevik
 Anne Gerd Ramstad Nemeth
 Maria Ramstad Nemeth
 Chatrine Lingås Siglen
 Johannes Beiermann
 Olav Hallingstad
 Martin André Åsbø Hansen
 Ruben Håland
 Sindre Østebøvik Kvalavåg
 Haakon Kvia
 Bjørn Thomas Mortensen
 Joachim Rinden
 Øyvind Østebøvik

Aksdal kyrkje, søndag 6. mai kl. 12.15

Karethe Markhus Breiteig
 Line Jacobsen Gundersen
 Sølv Ann Helland
 Marte Hjellevik
 Ine Hjellevik
 Anita Kambe
 Alice Bråteit Kirketeig
 Tonje Solstrand Lie
 Rannveig Nes
 Hanne Log Persson
 Lars Årthun Dahlseng
 Lorentz Olaisen
 Eric Christopher Risanger
 Johannes Gerhard Sjursen
 Håkon Skogland
 Anders Kvalvåg Stakkestad
 Vegard Sternhoff
 Sindre Halleland Thorsen
 Mikal Tjøsvoll Veim

Tysvær kyrkje, 13. mai kl. 10.00

Stine Døske Bakken
 Joakim Pedersen Brekke
 Tore Heng
 Simon Heskja
 Julie Hettervik
 Mikkel Hettervik
 Stine Rødne Hettervik
 Andreas Hundsnes
 Maria Amundsen Mustaparta
 Julia Ekrene Myklebust
 Runar Hystad Næset
 Øyvind Nilssen
 Marius Onarheim
 Odd Adrian Mikkelsen Prestegård
 Emma Christin Hettervik Strand
 Daniel Ullvang
 Elise Stølsvik Valen

Tysvær kyrkje, 13. mai kl. 12.00

Morten Berg Balazs
 Anne Baumann
 Ann Karin Eikeskog
 Sondre Førland
 Robin Gedick
 June Heimvik
 Ingrid Blikshavn Høyvik
 Erlend Hammarqvist Nordgård
 Cecilie Nybru
 Amalie Riise
 Bjørn Inge Romseland
 Robert Seime
 Linn Lovise Lynum Solvang
 Stian Susort
 Espen Sørenes
 Linn Maren Stangeland Tovslund
 Birgitte Trondsen
 Johannes Teistedal Vikre
 Sebastian Kvinneland Øie

Bokn kyrkje, 6. mai kl. 11.00

Torgils Hognaland
 Ellen Grønnestad Johannessen
 Simen Havikbotn
 Henry Faltin Våge
 Joar Kvinneland Øvrebø
 Julie Bokneberg
 Sofie Rossebø

Skjoldstraumen kyrkje, 13. mai kl. 11.00

Håkon Bådsvik
 Sondre Bådsvik
 Jonny Dagsland
 Julie Mæland
 Mariann Nerheim
 Vanja Odland
 Eirik Sandvik
 Emma Staurland
 Margit Steinsland
 Mats Steinsland
 Brian Susort
 Tor Arne Sæbø
 Annelise Yrke
 Caroline Yrke

Nedstrand kyrkje, 6. mai kl. 11.00

Serina Baustad
 Jonas Djursvoll
 Olav Feet
 Elisabeth Haukeland
 Ivar Holta
 Tim Kristiansen
 Andreas Myklebust
 Stian Nes
 Espen Prestegård
 Christian Rørteit

Basar på Tysvær Soknehus

24. mars, kl. 1000 til ca 1430

Tradisjonen tro, er det og i år driftsbasar på Tysvær Soknehus.

Dette arrangementet er en viktig inntektskilde for drifta, som gjør at alle lokale lag og foreninger kan benytte et godt vedlikeholdt hus i sitt arbeid.

I år vil det være andakt av Tom Inge Håland, sang av Tysvær Familiekor, og underholdning av Førland skolekorps. Under basaren vil Tysværvåg KFUM-KFUK speidergruppe ha speideraktiviteter ute, samtidig med KM-Klubben, som vil arrangere diverse balleker i ballingen. Innendørs vil 4H ha en minutstilling, og det blir salg av lokale bakervarer og lodd, samtidig som du kan nyte både middag og kaffe med kaker fra kaféutsalget.

Vi har også i år egen Barnetrekning med mange kostbare og flotte gevinstar som, dokke og vogn, trøtraktor og diverse leker. I hovedtrekningen vil det være mulig å vinne littleie, minigraverleie, bestikksett, juleduk oa. håndarbeid, støvsuger, sportsutstyr og mye, mye mer. Det vil og gjennomføres åresalg med mye spennende gevinstar i løpet av arrangementet.

Velkommen til en flott dag på Soknehuset.

Bli med til Madagaskar

Frå Tysvær til Ihosy på Madagaskar. Ein tur til eit annleis land – bli kjend med folk, ein særegen natur og kultur. Møt gjestfridom og smil, sol og varme. Med på turen bli reiseleiar som kjenner land, folk og språk godt. Underveis vil vi få informasjon om land, folk, kultur, kyrkje og misjon.

Informasjonsmøte for interesserte på Soknehuset Tysværvåg i siste halvdel av mai månad

Reiseleiar:
 Martin Ivar Arnesen

Nærare informasjon og påmelding:

Steinar Høivik
 tlf 900 61 073
 higre@online.no

Eller:
 Martin Ivar Arnesen,
 Skjold kyrkje, Boks 6,
 5574 Skjold
 tlf 980 37 571
 martin.ivar.arnesen@vindafjord.kommune.no

Arrangør: Tysvær sokneråd

Mesternes Mester

Mesternes Mester, på TV i kveld
Med spenning og fart og alting på stell
Men kven som blir mester me veit ikkje nå
for kvar av dei ti kan tittelen få!

Mesternes Mester, ja, kven er vel det?
Kjenner du Han, Han som gir oss sin fred?
Han føddest i armod og fattige kår
Til sist gav Han livet - for synda vår

Mesternes Mester, konge du er
På esel du rir og oss alle du ser
Du gret over byen, du føler med oss
du kjempa vår kamp, og må dø på ein kross

Mesternes Mester, du lever i dag
trass spotting og hån, trass torner og slag
Nett då som mørket tok tak og fekk makt
så ropte du ut at alt er fullbrakt

Mesternes Mester, du sigeren vant
Du stod opp frå grava, me veit det er sant
Trass tvilaren Tomas, og Peter sitt svik
så elskar du oss, sjølv om me og er slik

Mesternes Mester, var dette for meg?
Eg som har synda og titt svikta deg?
Eg som så ofte tek lettast veg,
å Herre, gjorde du dette for meg?

Mesternes Mester, som med oss vil gå
gi nåde og kraft og vårt mismot forstå
Når vegen er bratt og sorga er svær
Då, akkurat då, veit eg, du er meg nær.

Mesternes Mester, er Frelsaren vår
Ingen, nei, ingen over Han står
Han kom frå det høge, og ned til vår jord
er alle sin venn og vil vera vår bror

Mesternes Mester, Herre og Far
Takk at du alle syndene bar,
Takk at du støtt er i forbønn for oss
Takk at du sona vår synd på ein kross!

Gunvor Hustoft



Lisa Lilleskog
er ifrå Skjoldastraumen
og er tilknytta
Ungdom i Oppdrag.

I Kyrkjetonar vil Lisa
fortelja om kvardagen som
medarbeidar i UIO, og
motivasjonen for å tena
Jesus på denne måten.

Les meir om Ungdom
i Oppdrag på:
www.ywam.no
www.uioskien.no

Møte med Jesus

av Lisa Lilleskog

Jesus som døyde på korset i påsken
for deg og meg, lev og møter
mennesker i dag. Personlige møter
som forandrar liv. Han kom for å
frelsa verda og gi dei som trur eit
nytt liv. Når dette skjer, at nokon
vel å leva med og for Jesus, skjer
det noko i meg. Eg blir så glad,
får ei slik glede som eg ikkje klarar
forklara. Spesielt viss eg har følgt
vedkommande sin veg mot denne
avgjera og det er nokon som eg
kjänner og er glad i.

Me var ein gjeng som reiste til
London, ei langhelg (torsdag-sundag)
der me reiste saman med Jesus for
å dela Hans kjærleik til menneska i
Londons gater. Dette gjorde me på
forskjellige måtar, blant anna ved
å be for menneske på gata, dela ut
slikkepinnar og smil og tilbe ope på
gata. Det var også med 3 stk. som
ikkje var sikker på om dei ville/kunne
tru på at Jesus er verkelig. Dei fekk
oppleva Jesus personleg og sjå
menneske leva liv i
overgiving, og ta nokre steg sjølv i
retning av Han. Ein av desse 3 (ein
god venn av meg), fekk eit sterkt
personleg møte med Jesus på
laurdagskvelden, når me hadde
tilbeding, bøn for og med
kvarandre. Eit slik møte som
gjorde at han ikkje kunne tvila

lenger, så han gav seg sjølv til
Jesus, og fekk det nye livet,
som det står om i Bibelen.
Blant anna i 2. Kor 5:17: Nei, om
nokon er i Kristus, er han ein ny
skapning. Det gamle er borte, sjå,
noko nytt har vorte til.

Når han vakna på sundagen hadde
han ein slik følelse av at han var ny
og at det skulle skje noko
spennande, han klarte ikkje å vente
på å starta dagen saman med Jesus
og sjå kva som ville skje.
HALLEJUJA. Dette gjor meg veldig
glad, og gjer meg fortsett glad når
eg tenker på det! Det var definitivt
høgdepunktet frå den helga for meg!
Det viste meg også på nytt at for
Jesus er ALT mogleg, ingenting og
ingen er for vanskeleg for han. Han
ynskjer å møta oss alle
personleg kvar dag.

Jesus kom til jorda for deg og meg,
han valde å lida for oss. Det var
kjærleiken hans til deg og meg som
gjorde det mogleg for han å halda ut
all spott, slag, pine og ydmykelse på
korset.

**DU er elska av universets store,
gode, kjærlege PAPPA.**

Invitasjon til gjevarteneste i Nedstrand sokn

av Dag Tormod Milje

Soknerådet inviterer med dette folk i soknet til å bli
med i givarteneste for å finansiere dette arbeidet.
Gåver som blir gitt gir rett til skattefrådrag.

Vil du vera med på å gi kr 200 (eller eit anna beløp)
i månaden til barne og familiearbeid? Det kan enkelt
gjerast ved at du regelmessig overfører frå din konto
til Nedstrand sokneråde sin konto for gjevartenesten
(3333 36 06 815).

Har du spørsmål kan du kontakte leiar av soknerådet
Sigmund Eggebø tlf: 47 75 51 32 eller soknepresten
tlf: 934 15 401



Me har hørt om Israelsfolket som fekk manna i øydemarka og koser oss med popcorn - for det liknar litt og smaker skikkelig godt!

Sprell levande ungar på Soknatun

av Ingrid H. Landro

Annankvar tirsdag, kl 17.15-18.15, er det yrande liv på Soknatun. 20 - 30 sprell levande born i alderen 3-10 år er samla på Tirsdagsklubb og barnekoret Sakkeus. Der syng me saman og har ein andakt før me deler oss.

Borna over skulealder, Sakkeus, går saman med Jorunn Sande Baustad inn i siderommet og över meir. Tirsdagsklubben, med alle som ikkje har begynt på skulen enda eller ikkje har lyst å synge i koret, blir igjen i hovudsalen saman med Ingrid Hustoft Landro og foreldre og lagar noko, teiknar, spelar spel eller leikar. Til slutt samlast me i hovudsalen igjen for å

trekke eit Bibeldrops ut av krukka vår. Eit av borna les teksten på dropset og me let det krype inn i øyra og ned i hjarta. Ofte får me litt godt for tunga og magen og samtidig og smattar på det. Heilt til sist syng me velsignelsen til kvarandre og deler ut Søndags-skulebladet "Barnas" før me skildest og gler oss til neste gong me treffest.

Vårsemesteret er snart slutt, men det er lov å slenge seg med for alle som vil. Den 25.mars kan du sjå og høre oss på dåpskulegudstenesta i Nedstrand og 20.april kan du bli med oss på familiesamling med song, andakt grilling og kos på Soknatun.



Frivillighetsfest i Tysvær.

Denne måten å takke medarbeidarane i Tysvær kyrkjelyd, har nå blitt ein god tradisjon. I år var det 4.gong me inviterte til fest, og over 70 gjester meldte seg på.

Programmet var allsidig med alt frå instrumental av Ommund på saxofon og Henriette på trompet, til besøk av Turid Solgård frå "Grønn hverdag." Ho tok opp temaet: "Er det vits i å ta vare på miljøet?" Kvelden blei krydra med intervju, song av "Bliss",

quiz, andakt, dramainnslag og diabloskow. Maten var deilig, og stemningen god.

Takk til alle gode medarbeidere i kyrkjelydsarbeidet!



Frivillige helter

av utsendingene Kjetil og Siv Anett Sande fra Misjonsalliansen

Hver uke arrangeres også en såkalt volontørkveld hos de forskjellige utsendingsfamiliene. Nylig var vi så heldige å ha gjengen på besøk og kveldens tema var "Hva tenker vi om diakoni, utviklingshjelp og misjon?" Mange spennende tanker ble diskutert og det er givende å få være med å samtale om store og viktige temaer med engasjerte frivillige medarbeidere. Det er fasinerende å møte mennesker som på grunn av sitt engasjement reiser fra Norge for å jobbe i de fattige områdene her ute. Dette gjør de frivillig og i tillegg dekker de alle utgifter selv.

Diakoni har blitt kalt "kirkens omsorgstjeneste", og for volontørene kan vi si at denne omsorgstjenesten er blitt en livsstil. De tjener sin neste langt utover det som en kan forvente av et menneske i dagens Norge. Vil du bli en av disse heltene? Eventuelt kan du jo tipse noen du tror kan tenke seg et slikt opphold i Ecuador.

På den nye bloggen på www.lamitad.no kan du også se en video der tre volontører forteller om hvordan de opplever å være volontør.

Familiesamling på Soknatun fredag 20.april kl 17-19

Avslutning for barneforeningen,
Sakkeus og Tirsdagsklubben.

Andakt, song, grilling og utlodning.
Ta med grillmat og campingstol. Me satsar på å vere
ute det meste av samlinga.

Alle velkomne!



Misjonsstevne i Aksdal kyrkje

Det blir felles misjonsstevne for
Nedstrand, Skjoldastraumen, Bokn, Tysvær
og Førresfjorden menighet i Aksdal kyrkje
mandag 16. april kl. 19.00

Stevnet er for alle,- kvinner og menn!
Klaus Muff blir med som taler. Vi får misjonsglint
fra Thailand ved Arne Haug og elles hilsen fra
misjonsforeningene.

Lovsangsgruppen fra Tysvær blir med oss!
Misjonsoffer og god mat hører med på et
misjonsstevne.

Du er hjertelig velkommen!

Vær med å be for stevnet.
Vel møtt!

Arr. NMS

Møter i Aksdal kyrkje tirsdagar kl 19.30

20.mars	Israelsmisjonen
27.mars	Norsk Lutherisk Misjonssamband
17.april	Norsk Lutherisk Misjonssamband
24.april	Den indre sjømannsmisjon
8.mai	Normisjon
15.mai	Sjømannsmisjonen
22.mai	Norsk Lutherisk Misjonssamband
5.juni	Norsk Lutherisk Misjonssamband

Neste nummer kjem i
postkassen ca. 1. juni

Frist for stoff til nr 2/2012:
4. mai

Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l.
til redaktør Ståle Hustoft, Espesvik, 5560 Nedstrand.
e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142



Nedstrand barneforeningen

har basar på Soknatun
tirsdag 3. april kl. 18.00

Andakt, loddsal og enkel bevertning!

Alle velkomne!



Gjennom livet

Døypte

Førre kirke

- 8.1 Sondre Slogvik
5.2 Edin Wolfenstein Dalsnes
Thomas Andersen
Emma Louise Ballard
(Udland kirke)

Aksdal kyrkje

- 20.11 Mikal Jørgensen
27.11 Kristine Bergjord
Lillian Bringedal
25.12 Helena Mæland
26.12 Rannveig Marie Innvær
Østebø (Vats kyrkje)
15.1 Odin Hettervik
22.1 Oliver Huse Blikra
(Sandeid kyrkje)
29.1 Nora Serine Strand Skau
(Skjold kyrkje)
19.2 William Lilleaas

Bokn kyrkje

- 11.12 Nora Skjelde Prestbø

- Tysvær kyrkje
13.11 Evander Tangedal Bakken
Anine Skåland Waage
27.11 Arnfinn Trosterud Storhaug
Eirik Kragfoss Bakken
25.12 Ronja Dybdal
12.2 Mika Bjørstad Tvedt
Amanda Sofie Nordgård

Skjoldastraumen kyrkje
27.11 Solvor Håland
11.12 Monja Lilleskog

Vigde

Førre kirke

- 12.11 Annette Waage
og Kenneth Miljeteig

Skjoldastraumen kyrkje

- 17.12 Ingvill Halleland
og Dag Magne Torland

Jordfesta

Skjoldastraumen kyrkje

- 25.11 Solveig Margrethe Nordbø
20.1 Hilde Alendal Lilleskog
24.1 Gudrun Karen Straum

Aksdal kyrkje

- 13.1 Leif Sigurd Kallevik
25.1 Johan Løype
20.1 Ågot Valhammer
2.2 Borghild Josefina Wik
15.2 Olaug Karoline Folgerø
8.12 Martin Karlsen Alvsvåg

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

Kirkens SOS

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Nedstrand kyrkje

- 16.12 Johannes Nessa
22.12 Bjarne Theodor Eide

Tysvær kyrkje

- 30.11 Sigvald Emil Tveit
29.12 Anna Sunde
5.1 Erik Bakken
18.1 Serine Berta Odland
19.1 Petra Sandvik
10.2 Harald Sverre Rasmussen

Bokn kyrkje

- 24.2 Aslaug Jøsang

Førre kirke

- 18.11 Ragna Lønsetteig
5.12 Olav Egil Larsen
9.12 Lars Folgerø
15.12 Svein Inge Bøe
28.12 Hans Johansen

- 13.1 Leif Sigurd Kallevik
25.1 Johan Løype
20.1 Ågot Valhammer
2.2 Borghild Josefina Wik
15.2 Olaug Karoline Folgerø



Velkommen til kyrkje

Bokn kyrkje

1.april kl 11.00

Gudsteneste v/Arne Aurdal.
Avslutning for dåpsskulen.

Langfredag 6.april kl 11.00

Gudsteneste v/Arne Aurdal.

Påskedag 8.april kl 15.00

Gudsteneste v/ Arne Aurdal.

29.april kl 18.00

Ung Messe v/ Arne Aurdal
og konfirmantane.

6.mai kl 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste
v/ Arne Aurdal.

17.mai kl 11.00

Gudsteneste v/ Arne Aurdal.

27.mai kl11.00

Felles pinsedagsgudsteneste
i Tysvær kyrkje.

3.juni kl 11.00

Friluftsgudsteneste Loten v/Arne Aurdal.

Nedstrand kyrkje

25.mars kl15.00

Familiegudsteneste v/ Dag Tormod
Milje og Ingrid H Landro. Avslutning for
dåpsskulen. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Langfredag 6.april kl 11.00

Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje.

Påskedag 8.april kl12.00

Gudsteneste v/ Dag T. Milje. Nattverd.

22.april kl11.00

Ung Messe v/ Dag Tormod Milje og
konfirmantane. 50-årskonfirmantane
deltek. Konfirmantfest.

6.mai kl11.00

Konfirmasjonsgudsteneste
v/Dag Tormod Milje.

17.mai kl 11.30:

Familiegudsteneste v/ Dag Tormod Milje.

Pinsedag 27.mai kl 10.00

Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje.

3.juni kl 11.00

Gudsteneste v/ Sigrunn H Arnesen.

Skjoldastraumen kyrkje

25.mars kl 11.00

Familiegudstjeneste v/ Dag Tormod
Milje og Ingrid H Landro. Avslutning for
dåpsskulen. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Skjærtorsdag 5.april kl 11.00

Gudsteneste v/ Dag T. Milje. Nattverd.

Påskedag 8.april kl 10.00

Gudsteneste v/ Dag T. Milje. Nattverd.

29.april kl 11.00

Ung Messe v/ Dag T. Milje.
Milje og konfirmantane. 50-års-
konfirmantane deltek. Konfirmantfest.

13.mai kl 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste
v/Dag Tormod Milje.

17.mai kl 9.30:

Familiegudsteneste v/ Dag Tormod Milje.

Pinsedag 27.mai kl 12.00

Gudsteneste v/ Dag Tormod Milje.

Tysvær kyrkje

25.mars kl 11.00

Familiegudsteneste v/ Arne Aurdal
og Marit Sofie T Vikre. Avslutning for
dåpsskulen. Dåp. Kyrkjekaffi på
Soknehuset

Skjærtorsdag 5.april kl 11.00

Gudsteneste v/ Arne Aurdal. Nattverd.
Konfirmantane deltek.

Påskedag 8.april kl 11.00

Gudsteneste v/Arne Aurdal. Dåp.
Påskefrukost.

22.april kl 11.00

Gudsteneste v/ Sigrunn H Arnesen. Nattverd.

9.mai kl 19.00

Ung Messe. Konfirmantane og
One Way deltek.

13.mai kl 10.00 og 12.00

Konfirmasjonsgudsteneste v/Arne
Aurdal og Marit Sofie T Vikre.

17.mai kl11.45:

Gudsteneste v/ Arne Aurdal.

Pinsedag 27.mai kl11.00

Gudsteneste v/Arne Aurdal. Dåp. Felles med Bokn.

3.juni kl 11.00

Friluftsgudsteneste i Loten
v/ Arne Aurdal.

Førre kyrkje

1.april kl 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol. Dåp.

17.mai kl 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol.

3.juni kl 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol. Dåp.

Aksdal kyrkje

25.mars kl 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol.
Nattverd. Avslutning for dåpsskolen.

Skjærtorsdag 5.april kl 18.00

Kveldsgudstjeneste v/ Bård Egil Dyrhol.
Nattverd.

Langfredag 6.april kl 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol.

Påskedag 8.april kl 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol.
Nattverd.

8.april kl 19.00

G19-gudstjeneste.

15.april kl 11.00

Gudsteneste v/ Norodd Stavenjord.
Nattverd. One Way deltar.

22.april kl 11.00

Gudsteneste v/ Arne Aurdal. Nattverd.
Bibel til 5.kl. Gla` sang deltar.

27.april kl 19.00

Ung Messe v/ Bård Egil Dyrhol og
konfirmantane. One Way,
MILK og KMklubben deltar.

29.april kl 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol. Dåp.

5.mai kl 10.30 og 12.15

Konfirmasjonsgudstjeneste v/ Bård Egil
Dyrhol og Ragnhild E R Meland.

6.mai kl10.30 og 12.15

Konfirmasjonsgudstjeneste v/ Bård Egil
Dyrhol og Ragnhild E R Meland.

13.mai kl 11.00

Gudsteneste.

17.mai kl 9.30

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol.

Pinsedag 27.mai kl 11.00

Gudsteneste v/ Bård Egil Dyrhol. Dåp.